



Lindås sogelag  
Jan Thorsheim  
5912 SEIM

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7008 - 17/23607

Saksbehandlar:  
Øyvind Stang  
Oyvind.Stang@lindas.kommune.no

Dato:  
24.08.2017

## Visningssenter for Håkon den Gode/Strilamuseum

Eg visar til møte torsdag 17. august 2017, der leiaren i Lindås sogelag bad om skriftleg svar på eit brev om nytt visningssenter for Håkon den Gode, Strilamuseet.

Etter at vi fekk dette brevet, har vi hatt fleire møte med sogelaget om magasin og utstillingslokale for kulturminne i Lindås kommune. Strilamuseet har også vore tema på desse møta, men hovudfokus har vore på å utbetre magasina som sogelaget disponerer i dag og sjå om det er rom for å få sogelaget inn i eit nytt kulturhus.

Sidan vi har vedtatt at kommunen skal kartleggje behovet og sjå på moglegheiter knytt til eit nytt kulturhus, vil vi ta innspela frå sogelaget med oss inn i dette arbeidet. Dei neste åra må vi også lage ein plan for korleis vi skal ta hand om i kulturminna i Meland, Radøy og Lindås i fellesskap.

Kulturplanen til kommunen er moden for ei revidering. I 2016 vedtok kommunestyret at kommunen berre skal gjennomføre dei tiltaka som er finansiert i økonomiplanen. Strilamuseet på Seim er ikkje med i gjeldande økonomiplan.

På bakgrunn av dette er det difor ikkje naturleg for kommunen å arbeide vidare med forslaget om eit visningssenter på Seim. Vi håpar likevel at det lokale engasjementet lever vidare og ønskjer å oppretthalde den gode relasjonen vår til sogelaget. Vi håpar også at sogelaget vil delta aktivt i det viktige arbeidet vi står framfor – både når det gjeld kulturhus og kommunesamanslåing.

Med helsing

Øyvind Stang  
einingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



